

Jan Rasmussen

Fra: May Kristin Haugen <mkha@cowi.no>
Sendt: 29. mai 2015 13:35
Til: Jan Rasmussen
Kopi: Bård Støfringsdal
Emne: FW: Tilsvar Støymålingar på Frekhaug senter

Hei Jan,

Takk for hyggelig prat. Jeg har etter vår samtale snakket med avisens redaktør og sendt dem følgende tilsvarende, se under.

Vennlig hilsen

May Kristin Haugen
Kommunikasjonsdirektør / Head of Communications
Kommunikasjon & Knowledge Management

COWI
COWI AS (NO)
Grenseveien 88
NO-0605 Oslo
Norway

Telefon/Phone: +47 02694
Mobil/Mobile: +47 977 45 057
Email: mkha@cowi.no
www.cowi.no / www.cowi.com

Print only if necessary

From: May Kristin Haugen
Sent: Friday, May 29, 2015 1:33 PM
To: 'yngve.svardal@nordhordland.no'
Cc: Bård Støfringsdal
Subject: Tilsvar Støymålingar på Frekhaug senter

Hei,

Viser til artikkelen «Skulle gjennomføra støymålingar på Frekhaug senter - vart kasta ut» publisert i avis Nordhordland 26.05.2015. I artikkelen kjem det fram påstander knytt til støymålinger utført av COWI som vi føler behov for å kommentere. Fordi vi ikkje fekk mogelighet til å kommentere i sjølve artikkelen forutsett eg at dykk tek inn dette tilsvaret eller tar en samtale med vår talsperson for å bringe balanse i framstillinga.

I artikkelen er Hilde Løvik i Multiconsult sitert på uttaler som sår tvil om gyldigheita for dei aktuelle støymålingane. Påstandane framstår å vere basert på mangelfull informasjon om bakgrunnen for målingane, og innehold til dels også faglege feil, og vi ønskjer difor å gjere kort greie for dette.

Føremålet med målingane som vart utført 20. februar 2015 var å gjere ei førebels kartlegging av støysituasjonen i dei aktuelle leilighetene, for å undersøkje kor vidt det var vesentlege overskridinger av gjeldande grenseverdiar, og kor vidt det var sannsynleg at eventuelle overskridinger var forårsaka av aktivitetar i treningssenteret. COWI fekk oppgitt at det ikkje var mogeleg å få tilgang til å gjennomføre samtidige målingar i treningssenteret den aktuelle kvelden, og måleprosedyren vart difor tilpassa dette.

For å få ein eintydig dokumentasjon på årsakssamanhengen mellom aktivitetar i treningssenteret og støyplagene som bebuarane opplever, krevst det derimot meir omfattande målingar, der ein gjennomfører parallelle målingar

av lydnivået i sjølve treningsenteret og i dei aktuelle leilighetene, samtidig som ein dokumenterer dei aktuelle lydkjeldene. Dette er vesentleg både for å utelukke eventuelle andre støykjelder og for å kunne iverksette effektive støyreduserande tiltak. På dette punktet er vi heilt einige synspunkta som er gjengitt frå Multiconsult, og i oppdragsstadfestinga overfor kunden var dette også lagt til grunn som ei aktuell vidareføring av oppdraget. Kven som utfører ei slik måling er underordna, men det er vesentleg å einast om eit omforeint måleopplegg, slik at den vidare prosessen kan fokusere på å finne konstruktive løysingar på dei støyproblema som ein konkluderer med er forårsaka av aktivitetar i treningsenteret.

Derimot er det direkte feil at det ikkje er mogeleg å gjennomføre støymålingar sjølv om bakgrunnsstøynivået overstig gjeldande grenseverdiar. Det sentrale ved gjennomføring av ei kvar støymåling er kor vidt skilnaden mellom bakgrunnsstøyen og lydnivået frå den aktuelle støykjelda er tilstrekkeleg høg til at bakgrunnstøyen ikkje påverkar målingane av støykjelda ein ønskjer å måle. Grenseverdiane har i seg sjølv ingen relevans i denne samanhengen, anna enn for å vurdere kor vidt det støynivået ein måler er akseptabelt eller ikkje. Dersom dei aktuelle støyhendingane er meir enn 10 dB høgare enn bakgrunnsstøynivået kan ein i samsvar med gjeldande målestandardar sjå bort frå effekten av bakgrunnsstøyen. Dette er tilfellet for dei dominerande støyhendingane som er gjengitt i målerapporten. Dette er elementær måleteknisk teori, og det er difor grunn til å stille spørsmål ved om Multiconsult kan ha blitt misforstått på dette punktet.

Talsperson for COWI i denne saka er:

Bård Støfringsdal, Sivilingeniør, Fagleg leiar akustikk

Direkte : +47 970 14 654

E-post : bst@cowi.no

Har du andre spørsmål, må du gjerne ta kontakt med meg.

Helsing,

May Kristin Haugen

Kommunikasjonsdirektør / Head of Communications
Kommunikasjon & Knowledge Management

COWI

COWI AS (NO)
Grenseveien 88
NO-0605 Oslo
Norway

Telefon/Phone: +47 02694
Mobil/Mobile: +47 977 45 057
Email: mkha@cowi.no
www.cowi.no / www.cowi.com

Print only if necessary

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>
